



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Ny begrensa høring - Alver - Hilland Vest felt 4 - reguleringsplan - forenkla prosess

Vi viser til brev frå kommunen datert 11.10.2022. Saka gjeld mindre planending med forenkla prosess for Hilland Vest felt 4 del II.

Vi skreiv ein uttale til saka 24.06.22, og stilte spørsmål ved om gjeldande reguleringsplan i nødvendig grad er oppdatert, og om det var utført ein ROS-analyse i tidlegare planarbeid og om det er nok felles leikeplassar i området til å følgje opp krav satt i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen. Vi vurderte også at støyvurderingane ikkje var gode nok.

Kommunen har no sendt over forslagsstillar sitt revidert forslag med ROS-analyse, støyrapport og vurdering av leikeareal. Det er bra at det er utarbeida ein ROS-analyse og støyrapport. Støysonene frå støyrapporten bør leggest inn i plankartet som omsynssone, med naudsynte føresegn til. Føresegn om støy bør vise konkret til at grenseverdiane i tabell 2 i T-1442 ikkje skal overskridast.

Vi viser framleis til vår tidlegare uttale datert 24.06.22, og ber kommunen gjere ein sjølvstendig og heilskapleg vurdering i saka.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

